



**Utvalg:** Kontrollutvalet i Stord kommune  
**Møtestad:** Formannskapssalen, Stord rådhus  
**Dato:** 14.05.2019  
**Tidspunkt:** 14:00 – 17:45

### Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Peggy Husevik Bærøy	Nestleiar	V
Odd Ståle Larsen	Medlem	FRP
Anna Herborg Førland	Medlem	AP
Tarjei Haga	Medlem	AP

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Merknader

### Andre som møte:

Navn	Stilling
Willy Hauge	Partner i KPMG (Sak PS 23 – 27/19)
Ole Willy Fundingsrud	Forvaltningsrevisor i KPMG (Sak PS 28 – 31/19)
Magnus Mjør	Rådmann (Sak PS 28 – 31/19)
Hege Etterlid	Økonomisjef (Sak PS 28 – 31/19)
Lovise Vestbøstad	Kommunalsjef (Sak PS 28 – 31/19)
Inge Espenes	Einingsleiar (Sak PS 28 – 30/19)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef Hordaland fylkeskom., sekret. for kontr.utv.

Fredrik Litleskare  
utvalsleiar

Hogne Haktorson  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 23/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 24/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 25/19	Forvaltningsrevisjon om prosjektstyring og oppfølging av investeringar - oppfølging		2017/17
PS 26/19	Psykisk helsearbeid og rusomsorg - forvaltningsrevisjonsrapport		2018/77
PS 27/19	Selskapskontroll Podlen verkstad AS - prosjektplan		2019/34
PS 28/19	Årsrekneskap for Stord hamnestell for 2018 - uttale frå kontrollutvalet		2015/178
PS 29/19	Årsrekneskap Stord kommune for 2018 - uttale frå kontrollutvalet		2015/178
PS 30/19	Orientering om tilsyn med Leirvik hamn hausten 2018		2014/298
PS 31/19	Orientering i høve henvending		2016/91
PS 32/19	Reglement for godtgjersle til folkevalde - innspel frå kontrollutvalet		2015/175
PS 33/19	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 34/19	Referatsaker		
RS 17/19	Oppfølging etter forvaltningsrevisjon om "offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging"		2017/108
PS 35/19	Eventuelt		

## PS 23/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019

#### Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste.

#### Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

## **PS 24/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 10.04.19.

#### **Vedtak:**

Protokoll frå møte 10.04.19. vart godkjent.

## **PS 25/19 Forvaltningsrevisjon om prosjektstyring og oppfølging av investeringar - oppfølging**

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet takkar kommuneadministrasjonen for mykje godt arbeid med å følgja opp tilrådingane i samband med forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt.
2. Utvalet er nøgd med tilbakemeldinga og seier seg ferdig med saka.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Under drøftinga kom desse betraktningane fram:

- Prosjekthandboka synest vera eit godt styringsverktøy.
- Dersom noko stoppa opp / vart annleis enn ein hadde tenkt – har kontrollutvalet forventning om at prosedyrane er klare nok for kva ein gjer.
- Eigen prosjektplan for det enkelte prosjektet – utanfor handboka – forventning om at det føreligg.
- Kontrollutvalet forventar at prosjekteigar (politisk miljø, t.d. kommunestyret) kjem tidleg inn ved store avvik, td. over 10 %.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet takkar kommuneadministrasjonen for mykje godt arbeid med å følgja opp tilrådingane i samband med forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt.
2. Utvalet er nøgd med tilbakemeldinga og seier seg ferdig med saka.

# PS 26/19 Psykisk helsearbeid og rusomsorg - forvaltningsrevisjonsrapport

## Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Psykisk helsearbeid og rusomsorg» ber kommunestyret rådmannen syta for at

1. Kommunen vurderar om overbygg for psykisk helsearbeid gjeldande for heile kommunen er tilfredsstillande.
2. Kommunen gjennomfører brukarundersøkingar jamnare for å få nyttig styringsinformasjon om tenestetilbodet
3. Kommunen implementerer BTI-modellen (betre tverrfagleg innsats) på tvers av tenestoområde og einingar, som kan bidra til å styrke koordineringa og informasjonsflyten mellom tenestene og skape rutinar og system for samarbeidet med fastlegane
4. Kommunen i samarbeid med Helse Fonna HF sørgjer for at det blir utarbeida system for kommunikasjon omkring ikkje-innlagde pasientar med eit tenestetilbod ved distriktpsikiatrisk senter
5. Kommunen i samarbeid med Helse Fonna HF sørgjer for at avtalane om inn- og utskriving blir praktisert
6. Kommunen utarbeider ei koordinatorhandbok eller andre typar instruksjonsdokument som kan gi koordinatorane støtte i arbeidet med utforming av IP (individuell plan) og i rolla som koordinator
7. Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019

### Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor Ole Willy Fundingsrud hadde ein presentasjon av gjennomført forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet drøfta saka.

Odd Ståle Larsen hadde endringsforslag til pkt. 1:

1. Kommunen føretar ei evaluering på om overbygg for psykisk helsearbeid gjeldande for heile kommunen er tilfredsstillande.

Forslag til vedtak, med endring av pkt. 1, vart samrøystes vedteke.

Utvalseiar minna om utvalet sitt standpunkt i sist møte, at KPMG er ønskt til å presentera forvaltningsrevisjonsrapporten i kommunestyremøtet i juni.

### Innstilling:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Psykisk helsearbeid og rusomsorg» ber kommunestyret rådmannen syta for at

1. Kommunen føretar ei evaluering på om overbygg for psykisk helsearbeid gjeldande for heile kommunen er tilfredsstillande.
2. Kommunen gjennomfører brukarundersøkingar jamnare for å få nyttig styringsinformasjon om tenestetilbodet
3. Kommunen implementerer BTI-modellen (betre tverrfagleg innsats) på tvers av tenestoområde og einingar, som kan bidra til å styrke koordineringa og informasjonsflyten mellom tenestene og skape rutinar og system for samarbeidet med fastlegane
4. Kommunen i samarbeid med Helse Fonna HF sørgjer for at det blir utarbeida system for kommunikasjon omkring ikkje-innlagde pasientar med eit tenestetilbod ved distriktpsikiatrisk senter
5. Kommunen i samarbeid med Helse Fonna HF sørgjer for at avtalane om inn- og utskriving blir praktisert
6. Kommunen utarbeider ei koordinatorhandbok eller andre typar instruksjonsdokument som kan gi koordinatorane støtte i arbeidet med utforming av IP (individuell plan) og i rolla som koordinator

7. Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **PS 27/19 Selskapskontroll Podlen verkstad AS - prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll relatert til Podlen vekstad AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan, og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Evt. ny / korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 27.05.2019. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet har fullmakt til å godkjenna ein endra prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå KPMG si side innan 06.11.2019, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor Ole Willy Fundingsrud presenterte utkast til prosjektplan.

Det var semje om å gå for framlagt prosjektplan. Såleis utgår pkt. 2 i forslag til vedtak.

Etter innspel frå revisor var det ønskje om ei endring i siste punkt i forslag til vedtak, ved at «rådmannen sin uttale» vert endra til «rådmannen og selskapet sin uttale».

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll relatert til Podlen vekstad AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan, og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå KPMG si side innan 06.11.2019, ferdig verifisert og med rådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.

## **PS 28/19 Årsrekneskap for Stord hamnestell for 2018 - uttale frå kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet støttar seg til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2018, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
2. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019

### Handsaming i møtet:

Rådmann Magnus Mjør, økonomisjef Hege Etterlid og einingsleiar Inge Espenes orienterte innleiingsvis om rekneskapen.

Partner Willy Hauge i KPMG fortalde at det var levert ei «rein» revisjonsmelding og at det ikkje var skrive årsoppgjersbrev denne gongen i motsetnad til året før. Forhold som var peika på ifm. årsrekneskapen for 2017, er så langt ein kan sjå brakt i orden.

Kontrollutvalet merka seg at det har vore gode økonomiske resultat for hamnestellet over fleire år.

Kommuneadministrasjonen nemnte at sak om årsrekneskapen for hamnestellet går via komité for rehabilitering, helse og omsorg (RHO) og ikkje via formannskapet. Det vert såleis endra i pkt. 2,

Forslag til vedtak, med redigering i pkt. 2 vedr. RHO, vart samrøystes vedteke.

### Uttale:

1. Kontrollutvalet støttar seg til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2018, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
2. Uttalen vert send kommunestyret via komité for rehabilitering, helse og omsorg (RHO)

## PS 29/19 Årsrekneskap Stord kommune for 2018 - uttale frå kontrollutvalet

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap 2018.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i «Årsoppgjer 2018 – brev til leiinga nr. 2» frå KPMG, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 11.09.19. for å gjera greie for kva som er / vil bli gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019

### Handsaming i møtet:

Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte innleiingsvis om rekneskapen. Rådmannen var bl.a. innom utfordringar i kommuneøkonomien, td. at det gjennom året alltid vil inntreffa uføresette hendingar som gjev auka kostnader, og at det er lite «reservar». Elles er det slik at gode tenester, som Stord kommune har, kostar. Innverknad som auka investeringar får i drift, var og omtala.

Partner Willy Hauge i KPMG fortalde at det var levert ei «rein» revisjonsmelding, og opplyste elles om forhold som er omtalt i årsoppgjersbrevet (brev til leiinga nr. 2).

Kommuneadministrasjonen meinte nasjonal frist 31. mars årleg er ivareteke i vedlagt årsberetning på 4 sider, og at den fristen ikkje gjeld årsmeldinga totalt sett. Revisor hadde ikkje merknader til det. På den bakgrunn tok utvalet ut respektive punkt (punkt 3 av 5) i oppsummeringsdelen av uttalen frå utvalet.

Forslag til vedtak, inkl. at eit punkt utgår i endeleg uttale, vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet vedtek uttale om Stord kommune sin årsrekneskap 2018.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i «Årsoppgjer 2018 – brev til leiinga nr. 2» frå KPMG, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 11.09.19. for å gjera greie for kva som er / vil bli gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

**PS 30/19 Orientering om tilsyn med Leirvik hamn hausten 2018****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019****Handsaming i møtet:**

Einingsleiar Inge Espenes orienterte om tilsynet og at alle avvika no er lukka.

Utvalet sa seg nøgd med orienteringa.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**PS 31/19 Orientering i høve henvending****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Utvalet ber om å bli orientert om endeleg vedtak i klagesak hjå kommunen, evt. hjå Fylkesmannen.
3. Utvalet ber om å bli orientert dersom Sivilombudsmannen uttalar seg i saka.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019****Handsaming i møtet:**

Kommunalsjef Lovise Vestbøstad orienterte i saka, og rådmannen supplerte med opplysningar. Bl.a. var ein innom dette:

- Det vart orientert litt generelt om saksforhold.
- Klage på oppmålingsforretning frå Morten Anthonessen datert 24.01.19 vart handsama administrativt av Stord kommune og oversendt Fylkesmannen til avgjerd den 08.02.19

- Då kommunen vende seg til Fylkesmannen og etterlyste avgjerd i saka den 07.05.19, hadde ikkje Fylkesmannen registrert saka og fylgjeleg heller ikkje starta handsaming. Fylkesmannen har stadfesta at saka no er registrert som ny sak, og oppgir at sakshandsamingstid normalt er 12 veker.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Utvalet ber om å bli orientert om endeleg vedtak i klagesak hjå kommunen, evt. hjå Fylkesmannen.
3. Utvalet ber og om å bli orientert dersom Sivilombudsmannen uttalar seg i saka.

**PS 32/19 Reglement for godtgjersle til folkevalde - innspel frå kontrollutvalet**

**Forslag til innstilling**

1. Godtgjersle for leiarar av sentrale hovudutval / komitear og kontrollutvalsleiaren i Stord kommune, vert sidestilt frå konstituerande møte, hausten 2019.
2. Godtgjersle for øvrige medlemmar i dei same utvala / komiteane vert sidestilt vidare.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Det vart opplyst om at kommunestyret 09.05.19, sak PS 19/19 og PS 20/19, sette ned eit utval som får i oppdrag å evaluera den politiske organisering og politisk godtgjersle og eventuelt gje framlegg om endringar.

Forslag til vedtak – innspel frå kontrollutvalet - vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Godtgjersle for leiarar av sentrale hovudutval / komitear og kontrollutvalsleiaren i Stord kommune, vert sidestilt frå konstituerande møte, hausten 2019.
2. Godtgjersle for øvrige medlemmar i dei same utvala / komiteane vert sidestilt vidare.

**PS 33/19 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune**

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.



## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Det framkom ikkje noko særskilt i gjennomgangen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## **PS 34/19 Referatsaker**

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019**

### **Handsaming i møtet:**

RS 17/19 Oppfølging etter forvaltningsrevisjon om "offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging"

Sekretariatet orienterte om at det er kome meir informasjon om oppfølginga kort tid før møtet, og at det vert teke sikte på politisk sak (PS) om oppfølgingsarbeidet i neste kontrollutvalsmøte.

Vedtak i saka var samrøystes

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **PS 35/19 Eventuelt**

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 14.05.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Det framkom ikkje noko under eventuelt.

### **Vedtak:**

Ingen vedtak fatta i saka.